



**Øystre Slidre
Arbeiderparti**

Trygghet - Muligheter - Fellesskap

Valprogram for perioden 2023 - 2027



Sterkere felleskap

Politikk i Øystre Slidre skal handle om rettferdighet, trygge arbeidsplasser, muligheter for kompetanseutvikling, utdanning og gode tjenester nært folk.

Vi har hatt stor satsning på skole og omsorg de siste tiårene, med nye bygg og oppdateringer og ikke minst en flott utvikling i helsetilbudene med åpningen av nye Helsetunet. Vi skal fortsette vår satsning på barn og unge, med sterkere innsats på innholdet i de flotte byggene vi har i skole og helse. Og det er å styrke fagmiljøene og mer bruk av større stillinger og fagutdanna i arbeid. Vi vil satse bredt på næringsutvikling, nye arbeidsplasser og attraktive boligområder.

Med gode arbeids og bo muligheter blir kommunen enda mer attraktiv, både for oss som allerede bor her og de som ønsker å flytte hit

Vi skal fortsatt sørge for gode fellesskapsløsninger hvor alle har like muligheter til å skape et godt liv. Våre sosialdemokratiske verdier skal være retningsgivende for vårt politiske arbeid. Vi har mange viktige saker vi vil jobbe for, her følger våre fem prioriterte saker.

- Sikre barnehageplass til alle når dei treng det. Om nødvendig bygge barnehage midt i bygda.
- Utvide kommunepsykologstillinga til 100% for Øystre Slidre
- Etablere leige- før-eige-ordning og prioritere bustadbygging
- Halde fram med å styrke Øystre Slidre som ein aktiv reiselivskommune. Vi vil vere det beste tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå.





Skule og barnehage

- Sikre barnehageplass til alle når dei treng det. Om nødvendig bygge barnehage midt i bygda.
- Vi vil sikre god kompetanse i skule og prioritere gode rammer for utviklingsarbeid.

Meistring og sjølvkjensle gjer barn og unge til trygge medmenneske. Vi vil satse på barn og unge, at dei får gode opplevingar så tidleg som mogleg og som gir dei den ballasten dei treng for den positive utviklinga.

Vi skal bidra til å framsnakke og være stolte av barnehagar og skoler i kommunen vår. Vi skal arbeide for trygt, inkluderande, godt og varmt læringsmiljø med et mål om å hindre utenforskning. Det skal være nulltoleranse for mobbing og trakassering. Her trur vi sterkt på vaksne som gode rollemodellar for barn og unge.

Vi mener at et godt lærings og arbeidsmiljø gir betre resultat fagleg og sosialt, hvor alt arbeid bygger på gode og trygge relasjonar, som igjen skaper fagleg og sosial utvikling hos barn og unge.

Barnehage:

- Oppretthalde heilårsopptak i barnehagane
- Sikre at alle får barnehageplass når dei treng det
- Vi vil bygge ny barnehage midt i bygda dersom det er behov.
- Sikre fagutdanna bemanning i barnehagane tilsvarande landsgjennomsnittet.

Skule:

- Vi vil legge til rette for at leiarar og tilsette kan drive utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass i skule og barnehage.
- Styrke leiarløysingane i skulen (inspektør – helsejukepleiar - miljøarbeidar)
- Ha nullvisjon mot mobbing og utvikle skulen i positiv retning når det gjeld trivsel og meistring. Vi vil setje inn tiltak for å betre skolemiljøet.
- Vi vil styrke den tidelege innsatsen i lesing, skriving og rekning i barneskulen, med mål om å oppnå resultat likt med landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.
- Vi vil jobbe for at alle tilsette i skulen er fagutdanna. Sørge for at kvalifiserte lærarar som tek tak når eleven har problem.
- Utvikle skulefritidsordning (SFO) med kultur- og aktivitetstilbod
- Legge til rette for leksehjelp, med fokus på dei som har størst behov





Helse og omsorg

- Utvide kommunepsykologstillinga til 100% for Øystre Slidre

Folkehelsearbeid er kommunens totale innsats for å opprettholde, bedre og fremme folkehelsen. Styrking av psykisk helse og rusforebyggende tiltak er en del av kommunens folkehelsearbeid.

Folkehelsearbeidet må bygge på at alle forvaltning forvaltnings nivåer, - politisk, administrativt og faglig plan – føler et ansvar for å fremme folkehelsen.

For Øystre Slidre Arbeidarparti er det viktig med ein helse- og omsorgsteneste der pasientar og brukarar er i sentrum, der det er nok fagutdanna bemanning, der dei tilsette har naudsynt kompetanse, der vi har riktig fokus på arbeidsvilkåra og på riktig rekruttering. Der ein tek i bruk aktuelle velferdsteknologiske løysingar.

Helsestasjonen har ein viktig kontakt med barn, ungdom og foreldre. Ved å knytte kommunepsykologstillinga til helsestasjonen vil psykisk helse være på agendaen i oppfølginga av born og familiar i oppveksten og støtte og rettleiing vil vere meir tilgjengeleg.

Øystre Slidre AP skal:

- Arbeide for at stillinga som kommunepsykolog vert utvida til 100% for Øystre Slidre, med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge, og førebyggande arbeid. Stillinga bør knyttast til helsestasjonen.
- Arbeide for betra rekruttering av tilsette med fagutdanning, sikre fastlegeordninga og midlar til etter/vidareutdanning, særleg innan psykiatri og geriatri.
- Styrke tilbodet til demente og utarbeide plan for demensomsorg
- Vi vil legge til rette for støttande tiltak som gjer at eldre kan bu heime så lenge som mogleg, samtidig som dei som treng heildøgns omsorg får det.
- Arbeide for at VLMS videreutviklast og at tilbuddet blir utvida, som styrke pasientens behov nærmare seg.

A wide-angle photograph capturing a group of people in a snowy, mountainous landscape at night. In the foreground, several dogs pull a sled, with one person visible on it. To the right, a campsite is set up with several brightly lit tents (one red, one yellow) and a small fire. Other people are scattered around the campsite, some near the tents and others further back. The background features dark, silhouetted mountains under a dark sky.

**"Vi vil vere det beste tilrettelagde
reisemålet i Norge for alle,
uavhengig av funksjonsnivå"**

Arbeid og næring

- Halde fram med å styrke Øystre Slidre som ein aktiv reiselivskommune. Vi vil vere det beste tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå

Arbeid er ein viktig kjerneverdi i Arbeidarpartiet og eit viktig grunnlag for sjølvkjensle, meistring, inntekt og deltaking i samfunnet. Å skape arbeidsplassar er derfor avgjerande for å få til eit sunt og godt lokalsamfunn. Derfor betyr det mykje for oss at vi har ein aktiv næringspolitikk, den er kjernen i Arbeidarpartiet.

Vi vil derfor ha ein aktiv næringspolitikk med særleg vekt på landbruk og reiseliv. Vi vil ha tett dialog med breidda i næringslivet og støtte opp om bedrifter så dei kan vere inkluderande, inspirerande og innovative.

«Arbeid til alle er jobb nummer ein»

Landbruk:

Fjellbygdene produserer rein, trygg og sunn mat. Samarbeid mellom landbruk og reiseliv er positivt for etterspurnad etter korteist mat. **Vi ynskjer eit aktivt landbruk med levande stolar, utmarksbeite og god tilrettelegging for vekst innan landbruket i Øystre Slidre.** Ved rovdyrskader på beitedyr i beiteprioriterte område er det viktig at det blir gjeve fellingsløyve med ein gong og at det blir sett inn nok ressursar for å få tatt ut skadedyra.

- Vi vil tilskot til utmarksbeite og nydyrkning og støtte utvikling i det aktive landbruket
- Vi vil setje inn tiltak mot attgroing og begrense sterkt nedbygging av dyrka mark
- Vi vil stimulere til kompetanseutvikling og lærlingepllassar i landbruket
- Vi vil prioritere etablering av Nasjonal senter for fjellandbruk på Løken gard.



Reiseliv:

Øystre Slidre er ein hytte- og turistkommune i vekst. Arbeidarpartiet vil halde fram med å styrke Øystre Slidre som ein aktiv reiselivskommune. Reiselivet er ein viktig motor og inntektskjelde for kommunen og genererer verdiar også for tilknytta næringer. Dette gir grunnlag for sysselsetting og skatteinngang som sikrar gode velferdstenester.

Vi skal bidra til vidare utvikling av reiselivet som industri gjennom samhandling og samarbeid med aktørane i næringa.

Vi vil støtte opp om fellesgode, infrastruktur og arrangement. Vi er opptekne av ei berekraftig utvikling.

Vi vil ta vare på uberørt natur og vil legge til rette for berekraftig bruk av naturen. Fjellstyret og nasjonalparkstyret er gode samarbeidspartnarar for å sikre god forvaltning av naturressursane våre.

- Vi vil, ved planlegging av nye hyttefelt, ta vare på større, samanhengande naturområde, både i barskog, i bjørkeskogbeltet og på snaufjellet.
- Tilskot til fellesgode og infrastruktur
- Samarbeide om store arrangement
- Vi vil stimulere til kompetanseutvikling og læringsplassar
- Samarbeidsorgan med aktørane i reiselivet
- Stimulere samarbeid mellom landbruk og reiseliv for å utvikle gode merkeprodukt
- Sentrumsutvikling på Beitostølen
- Vi vil vere det beste tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

Arbeidslivet:

Kommunen sin viktigaste ressurs er dei tilsette. At dei tilsette trives og har gode arbeidstilhøve er avgjerande også for kvaliteten på tenestene.

Vi skal sikre eit godt samarbeid med fagrørsla. Vi vil **arbeide for eit anstendig arbeidsliv og kjempe mot sosial dumping.**



Vi vil:

- Stimulere til fleire læreplassar innan ulike yrkesgrupper og vere pådrivarar for at fleire lærlingar og praksiskandidatar blir tilsett i offentleg sektor og i bedrifter.
- Jobbe for at kommunen kan tilby heile stillingar for alle som ønskjer det
- Ha særskilt rettleiing til bedrifter som tilsett flyktingar.
- Arbeide for å skape fleire arbeidsplassar både for folk med fagutdanning og folk med utdanning frå høgskule og universitet.
- Ha eit godt og forpliktande samarbeid med fagrørsla og næringslivet.
- Bidra aktivt til at bedrifter samarbeider om kompetanse, innovasjon og nytenking.

Bulyst

Etablere leige- for eige-ordning og prioritere bustadbygging

Øystre Slidre skal vere eit godt samfunn å bu, arbeide og leve i. Vi meiner eit variert bustadtibod er av stor betydning. Vi treng både einebustader, rekkehus og leiligheter av ulik storleik og prisklasse for at personar i forskjellige fasar skal ville og kunne etablere seg i Øystre Slidre. Attraktive bustadsområde, trygge jobbar og gode tenester er avgjerande for at folk skal busetje seg i kommune.

Samferdsel er viktig for Øystre Slidre. Arbeidarpartiet vil jobbe både for veg og for eit godt kollektivtilbod. Gang- og sykkelvegar gir gode tilbod for både trim og trygg ferdsel. Alt dette er bra både for fastbuande og tilreisande.

Slik skal Øystre Slidre AP legge til rette for bulyst:

- Sørge for varierte bustadtibod i heile kommunen. Det gjer det lettare å freiste folk til å flytte hit, og at ungdom, innflyttarar og nye landsmenn i etableringsfasen finn ein stad å bu.
- Vi vil innføre ein leie- for- eie ordning for å stimulere busetting
- Prioritere vatn og avlaup til Nørre Rogne/Skattebu.
- Eigenbetaling på «moderat» nivå.
- Vi vil utvikle Heggenes og Beitostølen til sentrum som gjer oss til ein attraktiv stad å reise til, samt trivsel for oss som bur her.
- Arealpolitikken skal legge til rette for næringsutvikling og tomter til næringsformål, men og ta vare på viktige verdiar i natur og landskap.
- Vi vil stimulere til miljøvenlege reiser med fleire sømlause kollektivtilbod.
- Vi vil arbeide for fleire strekningar med gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51. Første prioritet er strekninga Kyrkjebergvegen til Moane og Nordheimvegen til Lidar skule.
- Støtte utvikling av Fagernes som regionsenteret i Valdres, og ny riksveg E16 utanfor sentrum i Fagernes.

Kultur-aktiviteter- inkludering

Inkludering av dei som kjem nye til kommunen er vårt alles ansvar. Vi vil kommunen skal vere pådrivar for integrering og inkludering i arbeidslivet, i lag og foreiningar, i all frivilligheits arbeid, i kulturaktivitetar og i aktivitetar for barn og unge.

Vi ønskjer eit variert tilbod av aktivitetar til borna våre. **Øystre Slidre skal ikkje vere eit lokalsamfunn med store skilnader, og ungar frå alle sosiale lag skal få ta del i aktivitetar innan kultur, idrett og fritid** Vi er stolte av ungdomsarbeidet, mellom anna Gapahuken og e-sportssenteret, og vi ønskjer at tilbodet skal bli utvikla vidare. Kulturskulen er populær, og vi ynskjer at det skal vere eit variert tilbod der og plass til dei som ynskjer det.



Øystre Slidre AP skal :

- Oppretthalde eit variert tilbod i kulturskulen
- Vi vil redusere takstane i kulturskulen
- Vi vil ha ein plan for etablering av fleir brukshall i Øystre Slidre.
- Ha eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Etablere transportordning for å få barn til og frå organiserte fritidsaktivitetar
- Vi vil styrke integreringsarbeidet i kommunen

Dette har vore viktige politiske saker som Arbeidarpartiet har jobba for i perioden 2019-2023:

- Ferdigstilling av Øystre Slidre helsetun
- Arbeid for å styrke leiarløysingane i skulen
- Revidere ny arealplan
- Vedta oppvekstplan for første gang i kommunen
- Eigendomsskatten på same nivå i hele perioda.
- Vi har vorte nedstemt på følgjande saker:
 - nedlegging av Tingvang barnehage, kutt i musikkbarnehage, kulturskule (?).



**Øystre Slidre
Arbeiderparti**

Trygghet - Muligheter - Fellesskap

Valprogram for perioden 2023 - 2027